



- Nærøysfjorden landskapsverneområde
- Bleia - Storebotnen landskapsverneområde
- Bleia naturreservat
- Nordheimsdalen naturreservat
- Grånosmyrane naturreservat

Ekstremспортveko

SAKSBEHANDLAR: ANBJØRG NORNES ARKIVKODE: 2013/2673 - 432.2 DATO: 14.02.2014

**NÆRØYFJORDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - LANDING MED HELIKOPTER UNDER EKSTEMSPORTVEKO 2014 - 2019**

Sender vedlagt saksprotokoll med saksframlegg for Nærøysfjorden verneområdestyre sak 3/14.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljøverndepartementet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Noralv Distad

Leiar Nærøysfjorden verneområdestyre

Anbjørg Nornes

sekretær verneområdestyret

*Dokumentet er elektronisk signert.*

Kopi pr. e-post til:

SNO, Aurland

Aurland kommune

Luftfartstilsynet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Nærøysfjorden verdsarvpark

Arkivsaksnr: 2013/2673-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 13.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøysfjorden verneområdestyre	3/14	07.02.2014

## Nærøysfjorden landskapsvernområde - søknad om landing med helikopter under Ekstremsportveko 2014 – 2019

### Innstilling frå forvaltar

Nærøysfjorden verneområdestyre gjev Stiftinga Ekstreme Voss løyve til landing med helikopter på Nebbet, med reserveplass Sparkling under Ekstremsportveko i 2. halvdel av juni i samband med basehopping. Løyvet gjeld:

- Ein dag pr. år under Ekstremsportveko i åra frå og med 2014 til og med 2018.
- 25 helikopterturar (50 flyrørslar) med helikopter som tek 15 passasjerar.
- Løyvet gjeld transport av deltakarar, filmteam og journalistar.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Landing og lågtflyging med helikopter skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Under landing og flyging skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Løyvet gjeld ein vekedag under Ekstremsportveko, med unntak av søndag.
- SNO skal ha melding på mobiltlf. 97097720 dagen før transporten startar.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Dersom det vert endringar av viktige føresetnader for arrangementet, skal det sendast melding til verneområdestyret.
- Landingsplassen skal flyttast frå Sparkling til Nebbet, når landingsplassen på Nebbet ikkje lenger vert vurdert som ustabil.
- Det skal sendast rapport kvart år innan 01.09 om flyginga med tal landingar. Rapport skal sendast til verneområdestyret.
- Verneområdestyret kan trekkja tilbake løyvet dersom vilkåra ikkje vert oppfylte, eller vilkåra for gjennomføring av arrangementet vert endra.

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ekstremsportveko avslag på søknad om landing med helikopter på Skjerpisnuten med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Me gjer merksam på at søknaden berre er behandla etter verneforskrifta.

## **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 07.02.2014**

### **Handsaming i møte**

Verneområdestyret drøfta saka.

Noralv Distad kom med fylgjande framlegg til vedtak i møte:

«Nærøyfjorden verneområdestyre avslår søknaden frå Stiftinga Ekstreme Voss om løyve til landing med helikopter under Ekstremsportveko 2014 – 2018.

Nærøyfjorden verneområdestyre viser til det generelle forbodet for motorisert ferdsel og kan ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar til å gje løyve til landing med helikopter for basehoppalar, journalistar og filmteam slik det er søkt om.

Det er høve til å gje løyve dersom mellom anna tryggingssyn eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Slike grunnar ligg ikkje føre. Basehopping er ein risikosport med mange ulykker som er svært krevjande for redningsmannskapa».

Verneområdestyret røysta over dei to framlegga: innstilling frå forvaltar og framlegg frå Distad. Innstilling frå forvaltar vart vedteke med 5 mot 1 røyst.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stiftinga Ekstreme Voss løyve til landing med helikopter på Nebbet, med reserveplass Sparkling under Ekstremsportveko i 2. halvdel av juni i samband med basehopping.

Løyvet gjeld:

- Ein dag pr. år under Ekstremsportveko i åra frå og med 2014 til og med 2018.
- 25 helikopterturar (50 flyrørsler) med helikopter som tek 15 passasjerar.
- Løyvet gjeld transport av deltakarar, filmteam og journalistar.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Landing og lågtflyging med helikopter skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Under landing og flyging skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Løyvet gjeld ein vekedag under Ekstremsportveko, med unntak av søndag.
- SNO skal ha melding på mobiltlf. 97097720 dagen før transporten startar.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Dersom det vert endringar av viktige føresetnader for arrangementet, skal det sendast melding til verneområdestyret.
- Landingsplassen skal flyttast frå Sparkling til Nebbet, når landingsplassen på Nebbet ikkje lenger vert vurdert som ustabil.
- Det skal sendast rapport kvart år innan 01.09 om flyginga med tal landingar. Rapport skal sendast til verneområdestyret.

- Verneområdestyret kan trekkja tilbake løyvet dersom vilkåra ikkje vert oppfylte, eller vilkåra for gjennomføring av arrangementet vert endra.

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ekstremsportveko avslag på søknad om landing med helikopter på Skjerpisnuten med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Me gjer merksam på at søknaden berre er behandla etter verneforskrifta.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka

- Søknad om landing med helikopter under Ekstremsportveko, datert 23.12.13.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (godkjent 2007)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Ekstremsportveko søker om løyve til å landa med helikopter på Sparkling ein dag med 2 reservedagar under Ekstremsportveko i 5 år (2014 – 2019). Sparkling ligg i Nærøydalen i Aurland kommune i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Ekstremsportveko vert arrangert årleg i slutten av juni. Basehoppinga er planlagt på fredagen i Ekstremsportveko, med reservedag ein dag før fredagen, eller laurdagen etter. Aktiviteten skal føregå i tidsrommet kl. 10.00 til 18.00. Ekstremsportveko har gjennomført denne aktiviteten kvart år, når vêrforholda har tillate det. Dei opplyser at det i 2013 var den 16. gongen med basehopping under Ekstremsportveko.

I 2004 fekk Stiftinga Ekstre Voss konsesjon frå Luftfartstilsynet for helikopterlandingsplass på Skjerping og Nebbet i Aurland kommune. Konsesjonen vart fornya i 2009 i 10 år, fram til 17.08.09 (ref. Luftfartstilsynet: 200804279-10/457/ROL).

Fjellet Nebbet i Nærøydalen har vore nytta for basehoppinga fram til 2010. Dette året gjekk det eit stort steinras frå Nebbet, og det vart avdekka sprekker i fjellet. Fjellpartiet er vurdert som ustabil av geolog i NGI. Aurland kommune i samarbeid med NGI, har montert overvakingsutstyr på fjellet for å registrera endringar, og varsle nye ras. Basehoppinga har vore flytta til Sparkling, som ligg om lag 1 km nordaust for Nebbet, i åra frå 2010 til 2013. Sparkling har i desse åra vore godkjent som reservelandingsplass av grunneigarar, Aurland kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2010 og 2011) Nærøyfjorden verneområdestyre (2012 og 2013) og Luftfartstilsynet.

Ekstremsportveko søker om å få utvida aktiviteten. Dei søker om landingsløyve for 7 landingar på Skjerpisnuten for konkurranse innan Wingsuithopp. Denne aktiviteten er planlagt til same dag som basehopping frå Sparkling. Søknaden er for 5 år. I tillegg søker dei om 4 landingar på Skjerpisnuten ein ekstra dag i 2014. Denne dagen skal vera i samarbeid med Nærøyfjorden verdsarvpark, der dei vil profilera verdsarvparken med stunt med basehoppaparar frå Skjerpisnuten. NRK skal vera med og dokumentera hendinga.

Grunneigarane har gjeve løyve til landingane på Sparkling og Skjerpisnuten for 2014 og 2015.

I forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, er spørsmålet om helikoptertransport i samband med basehopp frå Nebbet vurdert. Sjølv basehoppinga er vurdert som ein friluftaktivitet, og vert ikkje regulert av verneforskrifta. Det er motorferdsle i samband med aktiviteten som skal vurderast etter verneforskrifta. I forvaltningsplanen er fylgjande sagt om Ekstremsportveko: *«Ved vurdering av eventuelt løyve til Ekstremsportveko i framtida, bør det leggjast til grunn lik praksis med anna kommersiell helikopterflyging som ikkje er del av stadbunden næring, jf. ei i utgangspunktet streng haldning til helikopterflyging i området. Som etablert før oppretting av Nærøyfjorden landskapsvernområde er det mykje som talar for at arrangementet kan få fornya løyve til helikoptertransporten til Nebbet, avgrensa til ein dag som i 2005. Det er då avgjerande viktig at bruken av helikopter i samband med Ekstremsportveko/Nebbet ikkje vert vurdert å kome i konflikt med verdsarvstatus for Nærøyfjordområdet. Det må understrekast at sjølv basehoppinga ikkje er i strid med verneforskrifta.»*

## **Lovgrunnlaget**

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsl, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan i fylgje verneforskrifta § 4 gjera unntak i særskilte høve. Denne paragrafen er erstatta av naturmangfaldlova § 48, som seier at forvaltningsmynde *«kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Verneføremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. § 2 er *«å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter»*.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

I forvaltningsplanen er det lagt vekt på at arrangementet Ekstremsportveko var etablert før opprettinga av landskapsvernområdet, og den legg føringar for at aktiviteten kan fortsetja med same omfang som før vernevedtaket, men under føresetnad at det ikkje er i konflikt med verdsarvstatusen. Forvaltningsplanen er laga for å fremja verneføremålet, og er førande for saksbehandlninga. I utgangspunktet bør friluftaktivitet skje utan motorisert ferdsl. Basehoppinga er definert som ein friluftaktivitet, men det er ein omdiskutert aktivitet på grunn av ulykkene som har skjedd under basehopp i Nærøydalen og Aurlandsdalen, begge i Aurland kommune. Det er ikkje gjort noko vedtak om å forby basehopping i området, og forvaltar meiner difor at søknaden om løyve til å landa med helikopter under Ekstremsportveko må behandlast av verneområdestyret etter reglane om motorferdsle i verneforskrifta. Under sjølv Ekstremsportveko har det ikkje vore ulykker med basehopping. Det er streng kontroll med tryggleiken til hopparane under arrangementet. Dersom aktiviteten med basehopping vert avgrensa til denne eine dagen, vert støyproblema avgrensa, og aktiviteten skjer under kontrollerte former med strenge krav til sikkerheit og kunnskapen til basehopparane. Dette kan vera med å avgrensa risikoen med aktiviteten. Ved å avgrensa motorferdsle til å gjelde landing på Nebbet og Sparkling ein dag pr. år under Ekstremsportveko, meiner forvaltar vurderingane som er gjort tidlegare år i forhold til verneformålet er uendra, og at tiltaket ikkje er i strid med verneformålet. Forvaltar er ikkje kjent med at det er kome inn

rapportar som tyder på at verneverdiane er nemneverdig påverka under helikoptertransporten under Ekstremsportveko.

Utviding av løyvet til fleire dagar og til landing på Skjerpisnuten, er med å gje auka støyproblem for busetnad og friluftsliv. Forvaltar meiner utvida aktivitet ikkje er i tråd med føringane som er gjeve i forvaltningsplanen. Aktiviteten kan føra til skade på verneverdiar som dyrelivet i området, og er med det i strid med naturmangfaldlova § 48.

Forvaltninga har ikkje kjennskap til hekkelokalitetar for rovfuglar i området der aktiviteten føregår, jf. opplysningar frå Gunnar Bergo i Voss kommune og SNO Aurland. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan, registreringar, og erfaringar med aktiviteten til Ekstremsportveko i området gjennom mange år. Villreinen har i aukande grad tatt fjellområdet aust for Nærøydalen i bruk att. For å unngå forstyrningar er det difor viktig å unngå lågtflyging innover fjellet ved Nebbet. SNO vil kunne gje informasjon om det må takast spesielle omsyn til dyrelivet ved flyging. Det er ikkje registret eller meldt om skade på verneverdiane utover støy, i dei åra Ekstremsportveko har hatt løyve til helikoptertransport. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 er vurdert til å vera godt for å vurdere saka. Førre-var-prinsippet jf. § 9 er vektlagt i saka ved å ikkje tilrå utvida løyve til fleire landingsplassar.

Helikoptertransporten vil føra til auka støy, og det vil difor vera viktig å avgrensa tida helikopteret er i bruk. Det er ikkje gjeve andre løyve til helikoptertransport i dette området på denne tida. Forvaltar vurderer den samla belastninga på økosystemet jf. § 10 som akseptabel. Den korte flygerute frå landingsplassen på Skjerping og opp til Sparkling og Nebbet er med og avgrensar transporttida. Ut frå ein samla vurdering av lokalitet for landingsplass og transportmiddel jf. § 12 er helikoptertransporten vurdert som miljøforsvarleg til dette formålet. § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

På bakgrunn av naturmangfaldlova §§ 8 – 12 og § 48, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til landing på Sparkling og Nebbet under Ekstremsportveko, og tilrår avslag på landing på Skjerpisnuten.